

# Stor interesse for maleriutstilling

**Det var trengt om plassen då Trude Hisdal opna utstillinga i Galleri G Guddal fredag kveld.**

Det er første gong at Trude Hisdal som bur med mann og to born i Rosendal, har utstilling i Kvinnherad. Rundt 200 hadde funne vegen til opninga i det flotte galleriet i Guddal.

– Eg må no ha gjort noko rett det siste året, kommenterte gallerieigar, Gørill Guddal, det store frammmøte.

Trude Hisdal hadde ei lang kunstutdanning bak seg før ho flytta frå Bergen til Rosendal for fire år sidan. Då fekk ho realisert ein draum ho hadde hatt i 30 år.

– Det vart kjærleik ved første blick då eg var på sykkeltur frå Bryne til Bergen. Vi stoppa på Hestasletto under Malmangernuten. Sidan den tid har eg lengta tilbake hit, fortel Hisdal til Kvinnheringen.

I Galleri G Guddal heng det 12 figurative maleri i stort format, der kunstnaren har nytta teknikken med akryl og lerret. Bilda er prega av det mystiske med kvardagselement. Ho ønskjer å skapa maleri som er vakre, men samstundes gåtefulle og med ein undertone.

– Dette er eit fantastisk flott galleri, og Gørill er ein av dei beste galleristane vi har. Det er difor ei stor glede å få ha den første utstillinga her, seier kunstnaren.

Ho var overvelda over det store publikumsframmmøte. Folk likte det dei såg. Berre få minutt etter opninga kunne Gørill Guddal klistra på det raude merket, som betyr at maleriet er seld, på det dyraste maleriet som var på utstillinga.

Trude Hisdal hentar inspirasjon frå den flotte naturen i Rosendal.

– Naturen her inne snakkar til meg. Den er blitt mykje meir framståande i bilda mine etter eg flytta til Rosendal, forklarar Hisdal.



**STOR INTERESSE:** 200 hadde møtt fram til opninga av Trude Hisdal sin utstilling i Galleri G Guddal på fredag.

Til opninga hadde ho med seg mannen Egil Kjerstad og den åtte år gamle dottera, Rose Hisdal Kjerstad, som saman med Kjell Skarsfjord og Bjarne Øymyr stod for det musikalske innslaget på opningskvelden.

Bjarne Øymyr hadde laga ein eigen komposisjon som var prega av subjektive stemningar som han var blitt inspirert av etter å ha sett bilda som var mala av Trude Hisdal.

Utstillinga i Galleri G Guddal vil vare fram til den 23. desember.

Arne Lindeflaten  
arne@kvinnheringen.no



**KLEM:** Kunstnaren Trude Hisdal mottok ein god klem frå gallerieigar Gørill Guddal.